



ÅRSRAPPORT
2020

Ti år med en tydelig stemme for en livskraftig kyst

I fjer takket jeg ja til vervet som styreleder. Når jeg takket ja, var det fordi jeg har saker jeg brenner for og vil jobbe med, og som er viktige for næringen. Jeg vil takke styret, administrasjonen og medlemmene for tillit og støtte.

Tiårsjubileum

Pelagisk Forening har tiårsjubileum i år og har etablert seg som en tydelig stemme i Fiskeri-Norge. Da foreningen ble stiftet i februar i 2011, var det fordi flere fiskebåtredere ønsket å løfte fram viktigheten av mangfold i fiskerinæringen. Skal vi ha aktivitet, arbeidsplasser og levende lokalsamfunn langs kysten? Eller skal vi ha få, store og fjerne fiskeriselskaper med superprofitt? Pelagisk Forening har vært et viktig motstykke og en premissgiver i denne debatten. Vi har jobbet hardt for å bevare en næring som bidrar til aktivitet, arbeid og levende lokalsamfunn, og som skaper arbeidsplasser og tar i bruk ny teknologi og innovasjon langs hele kysten.

Etter ti år har vi vist at det var viktig å ha denne visjonen og holde fast ved den. Vi blir invitert med og lyttet til i alle viktige fora, både i politikken og i næringen. Posisjonen som Pelagisk Forening har etablert, skal brukes til å fortsette å løfte fram betydningen av fiskerinæringen for å skape vekst og utvikling.

Koronavinner

Villfisknæringen hadde en førstehåndsomsetning som passerte 22 milliarder kroner i 2020, og i pelagisk sektor

satte vi omsetningsrekord med 10 milliarder kroner. Det er imponerende tall i et år fylt med uvanlig mange utfordringer. Det har vært viktig for foreningen å fronte og synliggjøre hele fiskerinæringen i ulike sammenhenger. Vi har lagt vekt på å vise næringen fram for politikere og byråkrater, som tross alt bestemmer rammevilkårene våre, og ikke minst for folk flest. Vi må fortelle hvilken betydning næringen har for kysten, og hvilke ringvirkninger disse milliardene har for lokalsamfunnene. Norsk villfisknæring er en framtidsnærer og en leverandør av sunn og bærekraftig mat. At næringen er en blå-grønn næring kan ingen betvile. En sildefilet har et klimaavtrykk på 0,9 kilo CO₂-ekvivalenter per kilo produsert vare. Rent storfekjøtt har 22,7 kilo. Sagt på en annen måte: 25 kg sild = 1 kg storfe. Men vi må bli flinkere til å fortelle om dette og hvordan fiskeriene foregår. For det kommer stadig nye avgifter, og det er kamp om arealet der fiskeriene finner sted.

Blåøyd forslag om grønnere fiskeflåte

Regjeringen har i sin klimaplan forestått en tidobling av CO₂-avgiften. Dette vil ha konsekvenser både for hvor mye klimavennlig mat fiskerne leverer, og for flåtens struktur og

sammensetning. I sum vil det ikke gi lavere utslipp. Skal vi fortsette å være en grønn leverandør av sunn og bærekraftig mat, er ikke løsningen å kreve inn avgifter som gjør det vanskeligere for fiskeflåten å investere i energieffektive tiltak. Det er ikke enkelt å flytte grønne løsninger ut på det store, blå havet. Før det kan komme endringer i CO₂-avgiften, må vi derfor ha fått ny teknologi på plass, og konsekvensene for fiskeflåten og fangstmønsteret må utredes grundig. Det jobbes og lobbies hardt for å etablere havvind på fiskefeltene. I utgangspunktet er Pelagisk Forening positiv til andre næringer og aktivitet på havet. Det er med på å gi næringslivet langs kysten flere ben å stå på og skaper aktivitet og arbeidsplasser på norskekysten, noe som er helt i tråd med Pelagisk Forenings hovedmål. Men aktiviteten må ikke være til hinder for fiskerinæringen eller til skade for fisken og de viktige gyte- og oppvekstområdene. Det er vi ikke alene om å mene. Ifølge forarbeidene til havenergiloven er det avgjørende at en satsing på havenergi lar seg forene med god sameksistens med fiskeriinteressene. Det er skremmende å se at havforskningsdirektøren går ut og framsnakker havvindetableringer selv om fotfolket advarer mot utbygging før konsekvensene er utredet.

Vi trenger et jevnere loddefiske

I 2014 arrangerte Pelagisk Forening et møte om bestandsforskningen på norsk vårgytende sild. Prosessen var i gang, og temperaturen var høy. Fiskerne stilte mannsterke for å få et innblikk i hvorfor deres oppfatning var så ulik forskernes, og et samarbeid ble etablert med blant annet gytetoktet. I 2021 er det lodde i Barentshavet vi ønsker et slikt samarbeid om.

Den 22. februar gikk startskuddet for nok et samarbeid mellom fiskerne. Omtrent 30 loddefiskere deltok, og kravet er et jevnere loddefiske. Målet er en forsøksmodell fra 2022 hvor det fastsettes en minimumskvote som skal forankres i den norsk-russiske fiskerikommisjonen i oktober 2021. Kvoten oppjusteres hvis resultatene fra gytetokt/observasjoner tilsier det.

Det er for få tokt på loddet, og det toktet som tradisjonelt blir

gjennomført, går lenge før fisket skal skje neste år. Derfor er det positivt at det kjøres tokt når innsiget kommer til kysten. Det er imidlertid ikke nok. Vi trenger også kartleggingsfartøy. Kysten og fiskerne er avhengige av både loddefiske og torskefiske. Begge er verdifulle fiskerier, og det må være rom for begge. Lodda har egenverdi i næringen utover å være mat for torsken. Mer forskning kan bety at vi kan høste optimalt fra begge bestandene.

Et jevnere loddefiske vil bidra til å skape og trygge arbeidsplasser på sjø og land og å vedlikeholde kunnskap og utstyr. Jevnere tilgang vil også være med på å opprettholde og vedlikeholde markedet og kan gi større etterspørsel, noe som igjen vil trygge arbeid og aktivitet langs kysten.

Og aktivitet langs kysten og et bærekraftig uttak av bestandene er nettopp det Pelagisk Forening er tuftet på!



Kristian Sandtorv

KRISTIAN SANDTORV
STYRELEDER

Takk til engasjerte medlemmer,
styremedlemmer og ansatte for
et godt fiskeriår, tross korona- og
markedsutfordringer!

Styremelding

Trass i koronasituasjonen har Pelagisk Forening hatt eit aktivt år i 2020. Styret og sekretariatet har tilpassa møteforma etter den nye situasjonen. Heldigvis har ikkje medlemmer, tillitsvalde, tilsette eller mannskap på medlemsfartøy blitt sjuke, så vidt foreininga kjenner til.

Den ekstraordinære situasjonen skapte mellom anna stor uvisse om marknad og prisar, dels fordi restaurant-, hotell- og cateringmarknaden nærmast blei borte over natta. Det viste seg likevel at pelagisk sektor ikkje har opplevd dramatiske negative konsekvensar, og marknad og prisar har i det store og heile vore bra.

Pelagisk Forening har vore i møte med alle politiske parti i 2020. Styret ser på slike møte som svært positive og som ein god måte å fremje foreininga sine synspunkt på.

Fiskeriministeren har invitert til månadlege møte om koronatiltak for å få innspel til korleis situasjonen kan gjerast lettare for næringa. Styret ser på dette som svært positivt og har sjølv sagt delteke aktivt på desse møta. Møta held fram sjølv om koronasituasjonen etter kvart har blitt kvardag, og møta har etter kvart blitt utvida til å handle om meir enn berre koronatiltak. Dette ser styret på som svært positivt.

I 2019 var eksportverdien av norsk sjømat rekordhøg, men gjekk litt ned i 2020. Det er likevel ei glede for Pelagisk Forening at fiskerinæringa går godt, og vi har til mål å bidra til å skape aktivitet og ringverknader langs heile kysten.

Pelagisk Forening har delteke på relevante arenaer, bygd relasjoner og samarbeidd med myndighetene og andre i næringa. Styreleiar, styremedlemmer, representantskapsordførar og sekretariatet har hatt mange møte med politikarar både på Stortinget, i lokala til Pelagisk Forening, på ulike partikontor og på digitale plattformer.

Marit Hamre gav seg etter to år som leiar, og Kristian Sandtor tok over stafettinnen. Styret takkar Marit for god innsats i Pelagisk Forening.

Styret har hatt tre fysiske styremøte og seks digitale styremøte i 2020.

Lodda

I fleire år har styret mellom anna hatt fokus på å få i gang loddefiske i Barentshavet. Dette er noko som er av stor interesse for medlemmene. Foreininga merkar òg at dette er av interesse for fiskarar som ikkje er medlemmer i Pelagisk Forening. Foreininga jobbar målretta for å styrke forskinga og for å få ein fast årleg kvote. Dette for å «vedlikehalde» marknaden og få fangstdata inn som ein del av forskinga. Det blei dessverre ikkje loddefiske i Barentshavet i 2021 heller, men dette er eit langvarig arbeid. Styret har såleis hatt stort fokus på dette i 2021 og kjem til å halde «dampen oppe» i dette arbeidet framover.

Dei rekordhøge prisane på lodde frå IØS viser at marknaden etterspør denne lodda.

Som kjent er det ikkje berre bestandssituasjonen som avgjer om det kan fiskast lodde. I motsetnad til det som er situasjonen for mange andre artar, må det takast politiske omsyn. Det er dei som meiner at det ikkje skal fiskast lodde, men at lodda skal sparast til mat for torskken. Når lodda blir betalt betre enn torsk, er det grunn til å spørje om logikken bak dette, ettersom målet er størst mogleg nasjonal verdiskaping.

Det er også gjort forsking som viser at torskken ikkje et så mykje lodde som mange kanskje har trudd (sjå ph.d.-avhandlinga Drivers of variation in the predator-prey interaction between cod and capelin in the Barents Sea av Johanna Fall).

Fiskeriinteressene må gå framom vindturbinar til havs

Etter kvart som folk har teke til å få vindturbinar i synsranden, har det vokse fram ein betydeleg motstand mot vindturbinarar på land. Dette har ført til sterkt press for å byggje vindturbinarar til havs. Mange synest å tru at desse områda er ubrukta, og at vindturbinane ikkje er til blempe for fiskarane.

Vindturbinane må forankrast og kan såleis berre byggjast i relativt grunne havområde, altså på fiskebankane. Vindturbinarar, kabeltrasear og tryggleikssoner vil leggje beslag på store område. Det vil ikkje Pelagisk Forening akseptere. Det er på det reine at vindturbinane aldri kan bli lønnsame, og at dei vil gjere matproduksjon med lite «fotavtrykk» mindre miljøvennleg. Pelagisk Forening har sagt tydeleg frå om at omsynet til fiskeriinteressene må vege tyngst i tilfelle arealkonflikt. Som nemnt har Pelagisk Forening vore i møte med alle politiske parti i 2020. I denne møta har Pelagisk Forening fått forståing for at vindturbinarar til havs ikkje er så enkelt likevel, og at det må betre konsekvensutgreiingar til før eventuell utbygging. Det blir hevda at vindturbinarar til havs i røynda er statsstøtta forureining, og styret aktar å halde fram med kampen mot vindturbinarar i fiskefelt.

CO₂-avgift

Myndighetene har vedteke ein dramatisk auke i CO₂-avgifta. Styret ønskjer sjølv sagt eit mest mogleg miljøvennleg fiskeri, men meiner at mange ikkje ser heilskapen i endringane. Foreininga har hatt møte med myndigheter og politikarar og levert innspel til energi- og miljøkomiteen på Stortinget. Det er mellom anna gitt uttrykk for at det ikkje finst realistiske alternativ til dagens teknologi, og at eit samla høgt avgiftsnivå i fiskeflåten vil gå ut over investeringar i klimavennleg teknologi og innovasjon. Marginale fiskeri med klimavennleg matproduksjon vil bli ulønnsam, og det vil bli

meir strukturering, større sesongtoppar og negative verknader for landindustrien og distrikta.

Forsök på inndraging av 1,73 millionar kroner i bifangst av hyse i tobisfangstar

2020 var eit eventyrleg år for tobisfiskarane med store kvotar og gode prisar. Til stor glede for oss ser det ut til at 2021 også blir eit bra år. I år er dessutan «startkvoten» auka, og styret vonar at fiskeriet ikkje blir så hektisk på slutten av den korte sesongen, men kan bli spreidd meir jamt utover.

Det var nokre tilfelle av bifangst av hyse. I mangel av andre heimlar freista direktoratet å inndra all bifangst innanfor lovleg bifangstprosent med heimel i regelen om forbod mot oppmaling av hyse.

Pelagisk Forening støtta medlemmene med advokathjelp i denne sakene. Styret er svært nögde med at medlemmene fekk medhald i denne prinsipielt viktige saka. Styret er også glade for at foreininga kan tilby medlemmene slik hjelpe, og at dette er eit tilbod dei verdset.

Direktoratet endrar reguleringa, innfører RTC-regel og reduserer lovlege bifangstprosentar. I høyringsrunden protesterte Pelagisk Forening mot at regelen blei vedteken utan at stengingskriteria var ein del av høyringa. I året som har gått, har Pelagisk Forening også arbeidd jamt og trutt, både i enkeltsaker og i høyringar, for å betre den generelle rettstryggleiken for fiskarane.

Pelagisk Forening i internasjonale forhandlingar

I 2020 har Pelagisk Forening for første gong delteke i dei internasjonale forhandlingane om dei pelagiske artane sild, makrell og kolmule. Foreininga skal også søkje om å delta i forhandlingar om torsk og lodde.

Pelagisk Forening var representert ved Ola Christian Olsen.

Styret opplever at dette har vore svært nyttig, og mange medlemmer har hatt stor interesse av forhandlingane. Styret ønskjer derfor framleis å delta i desse internasjonale forhandlingane. Nytilsette Lena Brungot har lang erfaring med slike forhandlingar frå si tid i Nærings- og fiskeridepartementet og deltek i forhandlingane framover.

Arendalsveka

Pelagisk Forening var påmeld til Arendalsveka òg i 2020. På grunn av koronasituasjonen blei dessverre Arendalsveka avlyst. Styret vil likevel takke familien Lokøy for at dei stilte «Endre Dyrøy» til disposisjon for Pelagisk Forening under Arendalsveka.

Pelagisk Forening er påmeld til Arendalsveka i år òg. Kaiplass er reservert. Styret håper at smittesituasjonen ikkje er til hinder for at arrangementet kan haldast, ettersom Pelagisk Forening før har markert både foreininga og fiskerinæringa generelt for politikarar og andre på Arendalsveka.

Medlemsmøte og representantskapsmøte

På grunn av smittevernreglane blei det årlege representantskapsmøtet halde digitalt og berre med årsmøtesaker. Dette viste seg å fungere bra. På grunnlag av gode erfaringar og stor fare for at fysisk møte ikkje ville bli mogleg å arrangere i år heller, på grunn av smittesituasjonen, vedtok styret same modell for 2021.

I staden for faglege tema på representantskapsmøtet blei det arrangert fagdag i september, med fiskeriministeren som foredragshaldar. Tittelen var «Regjeringens fiskeripolitikk og konsekvenser av kvotemeldingen». Andre tema var «Økonomiske konsekvenser av ustabile kvoteråd», med undertemaet «Kan vi få mer stabile kvoteråd?» ved Geir Huse, Havforskningsinstituttet; «Markedsbasert høsting av lodd» ved John Roald Isaksen, Nofima; og «Hvilken betydning har variasjonen i kvotene for landsiden?» ved Inger Marie Sperre, Brødrene Sperre.

«Elektrifisering av havfiskeflåten – miljøgevinst eller symbolgevinst?» var òg tema.

Anders Valland, SINTEF, innleidde med «Muligheter og begrensninger for maritime batterier». Fride Vullum-Bruer, SINTEF, innleidde om «Tallfesting av miljøeffekten», og Peter Øyn, Enova, innleidde om «Hvordan finansieres de rette miljøtiltak for framtiden i det grønne skiftet?»

Deretter var det debatt om temaet med Jan Magnus Kleven frå Bunker Oil, Renate Nedregård frå Klimapartnere Vestland, Anders Valland frå SINTEF og Ola Christian Olsen frå Olsen Gruppen. Debattleiar var Kjersti Sandvik.

Jonny Høgset frå Kystvakta heldt innlegg om «Hvordan ivaretas ressurskontrollen?» og Aksel Eikemo snakka om «Ivaretas ressurskontrollen i kvotemeldingen? Og noen tanker om kontrollmeldingen.»

I juni arrangerte Pelagisk Forening webinar. Tittelen var «Spørsmål fra en fiskers hverdag». Tema var «Pakkeforsikring» ved Ingve Drågen, Bud og Hustad Forsikring, «ISM» ved Steinar Dahl, DNV, og «Fangstdagbok» ved Jens Wathne, Fiskeridirektoratet /FMC.

I desember arrangerte Pelagisk Forening webinaret «Brexit-utfordringer for fiskeflåten». Foredragshaldarar var Torben Foss, PwC Seafood: «Slutten på en epoke? Var 2020 det siste året Norge kunne fiske Nordsjøsild i britisk sone?», og Ian Gatt, SPFA, som snakka om «UK a new Coastal State – a perspective from the Scottish Pelagic Fishermen's Association».

Styret er nøgde med temaa, debattane, den praktiske gjennomføringa og den store oppslutninga om arrangementa. Styret vil takke bidragsytarane, innleiarane og foredragshaldarane for gode innlegg. Vidare takkar vi debattleiar, møteleiar og sekretariat for gode forslag til foredragshaldarar og praktisk gjennomføring.

FUR

I år som tidlegare år har Pelagisk Forening delteke i Fagleg utval for ressursforskning (FUR). FUR har hatt tre digitale



KRISTIAN SANDTORV
STYRELEIAR



MARIT HAMRE
NESTLEIAR



TORBJØRN VEA
STYREMEDLEM

møte i 2020. Pelagisk Forening er mellom anna opptekne av lodde, sild og sjøpattedyr. Pelagisk Forening har mellom anna hatt fokus på sjøpattedyr og jobba for at næringa skal ha påverknad på utføringa av tokta til Havforskingsinstituttet. Styret takkar Rose Mari Berge for arbeidet ho gjer i FUR. Styret finn det naturleg at FUR set fokus på loddefisket i Barentshavet framover.

Nor-Fishing

Dessverre blei Nor-Fishing òg avlyst. Pelagisk Forening fekk såleis ikkje stilt på stand som planlagt.

Kvotemeldinga er vedteken

Kvotemeldinga har fått mykje merksemd og har kravd betydelege ressursar gjennom fleire år. Kvotemeldinga er no vedteken, men med vesentlege endringar. Styret er glade for at Stortinget var einige med Pelagisk Forening i at det ikkje skal vere nokon statleg kvotebank. Styret er òg nøgde med å bli høyrd ved at kondemneringskravet ved strukturering blei oppheva, og at det no er lik avkortingsprosent for alle gruppene. Når Stortinget har vedteke kvotemeldinga, medfører det mange nye problemstillingar, til dømes om strukturkvotar skal tilbakeførast til grunnkvotane, til gruppa eller til grunnkvote pluss struktur.

Pelagisk Forening har òg ved alle høve fremja det synet at når strukturavtalar går ut, skal strukturkvotane falle tilbake til dei attverande fartøya i gruppa og ikkje hamne i ein statleg kvotebank. Kvotebanken blei heldigvis ikkje vedteken. Styret har invitert medlemmene til å fremje sine synspunkt, slik at styret kan ta medlemmene sine synspunkt med vidare i arbeidet. Dessverre blei det vedteke samanslåing av pelagisk trål og ringnot. Styret ser det som viktig at samanståinga korkje går ut over ringnot eller pelagisk trål.

For somme endringar er det klart kva Stortinget har vedteke, og endringane blir vedtekte utan høyringar.

Delar av stortingsvedtaket krev nærmare utgreilingar, og

lovendringar vil då bli sende på høyring. Pelagisk Forening fremjar sine synspunkt i desse høyringane òg. Det skal vere kort veg frå medlemmer til styre, og styret har inntrykk av at medlemmene er nøgde med dette. Det kan vanskeleg bli for mange innspel, og styret oppmodar derfor alle medlemmene til å komme med sine.

Miljøvern

Pelagisk Forening er opptekne av at miljøverntiltak må gi lågare utslepp og mindre miljøpåverknad globalt sett. Det er viktig å ikkje drive symbolpolitikk, men sjå på konsekvensane av aktivitetar totalt sett.

Pelagisk fiskeri er den forma for matproduksjon som har minst miljøpåverknad per kilo mat. Når fiskeriet er berekraftig, må det ikkje bli møtt med unødvendige hindringar. Det er dårleg miljøvern dersom avgiftsomlegginga fører til at fiskeri stoppar opp. Då vil tilsvarende mengde mat kunne bli produsert på annan måte, men med større utslepp.

Sekretariatet

Sekretariatet har bestått av dagleg leiar Mariann Frantsen og advokat Ask Økland. Laget blei styrkt med Lena Brungot, som tok til i februar 2021. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga i mange ulike spørsmål i samband med drifta av fiskefartøy. Styret er òg nøgde med måten sekretariatet følgjer opp vedteken strategi på. Pelagisk Forening er heilt avhengig av eit godt fungerande sekretariat, og styret er særskilt tilfreds med at sekretariatet har klart å yte minst like god service som tidlegare, sjølv om koronasituasjonen har medført ekstra arbeid og praktiske vanskar med heimekontor og liknande.

Styret gler seg over eit høgt aktivitetsnivå og over at Pelagisk Forening no har fylt ti år. Det har vore gode og aktive år for medlemmene av Pelagisk Forening!



OLA CHRISTIAN OLSEN
NESTLEIAR



ANDREAS LEINE
STYREMEDLEM



ROY SKAAR
STYREMEDLEM

Grønn omstilling med regjeringens klimaplan?

Klimaplanen for 2021–2030 ble lagt frem av Klima- og miljødepartementet 8. januar i år og godkjent av regjeringen Solberg i statsråd samme dag. De neste ti årene skal Norge gå gjennom en grønn omstilling som vil prege hele samfunnet.

For norsk innenriks sjøfart og fiske betyr det at utslippene skal halveres sammenlignet med nivåene fra 2005. Regjeringens politikk er at det samlede skatte- og avgiftstrykket ikke skal økes. Økte avgifter skal møtes med tilsvarende skatte- eller avgiftsletterer.

Det er foreslått flere tiltak for å nå målene i klimaplanen, og noen av tiltakene faller sammen med saker som Pelagisk Forening har hatt sterkt ønske på det siste året: reduksjon av klimagassutslipp og fornybar energi. I løpet av året har Pelagisk Forening møtt en rekke politiske partier og fremtredende politikere og fått presentere foreningens syn. I tillegg er det sendt inn skriftlige innspill både til nærings- og miljøkomiteen og andre partier og grupperinger som skal behandle denne saken. Våre innspill og forslag til tiltak er kort oppsummert nedenfor.

Pelagisk Forenings klimaplanarbeid

Klimaendringene påvirker livet i havet, og det er få som er mer opptatt av å redusere skadenvirkningene på havmiljøet enn vi som lever av havet og naturen. Norsk villfisk har imidlertid verdens beste utgangspunkt. En sildefilet har et klimaavtrykk på 0,9 kilo CO₂-ekvivalenter per kilo produsert vare. Rent storfekjøtt har til sammenligning 22,7 kilo.

Det som bekymrer oss i Pelagisk Forening, er virkemidlene

regjeringen sier de vil ta i bruk for å nå sine klimamål. I vårt klimaarbeid har vi valgt å konsentrere oss om de to aksene som kan gi de største bidragene til regjeringens klimaarbeid i vår sektor. Disse to aksene – CO₂-avgiften og økt kunnskapsinnhenting om konsekvenser av havvind – er avgjørende i fremtidig klimaarbeid. Pelagisk Forening ønsker å finne løsninger som kan bidra til at regjeringen når sine klimamål, samtidig som vi viderefører en etablert næring som er tradisjonsrik, subsidiefri, lønnsom og bærekraftig. Slik vi ser det, vil ikke forslagene til tiltak i klimaplanen sikre dette. For å redusere klimagassutslippene må havfiskeflåten ha et alternativ til dagens fossile drivstoff. Den havgående flåten kan være i fiske i måneder av gangen, og med den teknologien som er tilgjengelig i dag, finnes det ikke alternativer som tilfredsstiller havfiskeflåtens behov. Utfordringen er med andre ord at teknologien og alternativene ikke er på plass. Regjeringen sier heller ikke noe om hvordan de akter å kompensere for de økte avgiftene. De innfører tvert i mot nye avgifter i stedet.

Nå det gjelder havvind, planlegges og plasseres havvindanleggene i dag slik at det er umulig å unngå arealkonflikt mellom havvind og fiskeri. Havvindanleggene er planlagt på fiskebanker og grunner, som også er de beste fiskefeltene. På de samme feltene foregår også petroleumsvirksomheten.

Pelagisk Forening og CO₂-avgiften

Det samlede høye avgiftsnivået fiskeflåten pålegges, vil gå på bekostning av investeringer i klimavennlig teknologi og innovasjon. Nedtrapping av refusjonsordningen og foreslår avgiftsøkninger i klimaplanen utgjør til sammen en tidobling av CO₂-avgiften for fiskerinæringen. For at målet om å redusere utsippene skal bli nådd, må det legges til rette for at fiskeflåten kan fortsette å levere miljøvennlig og bærekraftig mat. Hvis det overordnende målet er å redusere fiskeflåtens utsipp, må det legges til rette for at flåten kan drive lønnsomt og dermed gis muligheter til å investere i innovasjon og teknologiutvikling.

De siste 15 årene har det vært presentert og tatt i bruk mye ny teknologi som skal få ned utsippene og redusere energiforbruket. De dokumenterte effektene er imidlertid fraværende eller minimale, og det kan fremstå som om effekten av den nye teknologien kun har symbolverdi. Tiltakene vi gjør i dag, resulterer i større fartøy fordi nye tiltak er plasskrevende. Dermed får vi også et høyere energiforbruk.

Dersom fiskeflåten skal kunne oppfylle stadig økende krav til reduserte utsipp, må dette løses på en annen måte enn ved å pålegge næringen stadig nye avgifter.

Nye avgifter

Regjeringen har det siste året innført flere nye avgifter:

- Kontrollavgift. Denne er i første omgang satt til 0,22 prosent av verdien av førstehåndsomsetningen.
- Fiskal avgift. 100 millioner kroner ble bebudet da kvotebanken ble fjernet fra kvotemeldingen.
- CO₂-avgift. Fiskeflåten har hatt redusert sats på CO₂-avgiften. Fra 1. januar 2020 ble det innført full avgift for fiskeflåten, og kompensasjonen ble trappet ned. Kompensasjonen skal trappes ned med 51 millioner kroner årlig over en femårsperiode, slik at fiskeflåten betaler full avgift fra 2025.

I klimaplanen foreslår regjeringen å øke avgiften for CO₂-utsipp fra 590 til 2000 kroner per tonn. For fiskeflåten innebærer dette en økning fra 52 øre til 5,35 kroner på ni år. Kombinert med økte avgifter vil tiltakene som er foreslått, gi store konsekvenser for fiskerinæringen og samfunnet for øvrig.



Avgiftene vil gi dårligere lønnsomhet, noe som vil bidra til at marginale fiskerier blir ulønnsomme. I ytterste konsekvens kan resultatet bli at det landes mindre klimavennlig mat. Større sesongtopper og mindre råstoff vil gi landindustrien utfordringer. Flåten vil i større grad losse og bunkre i utenlands havn, og mannskapet blir dermed påført ekstra utgift. Mindre av verdiskapingen vil skje i kystsamfunnene, ettersom færre ansatte både i industrien og andre virksomheter leverer færre varer og tjenester til fiskeflåten. Det kan føre til at kystsamfunnene utarmes. Flåten vil bli omstrukturert til større og færre fartøyer for å oppnå lønnsomhet. Dårlig økonomi vil føre til mindre innovasjon og utvikling i flåten, og det vil bli vanskeligere å få bankene med på å finansiere eventuelle klimatiltak.

Pelagisk Forening har følgende forslag til tiltak:

- Konsekvenser for fiskeflåten og fangstmønsteret må utredes før tiltak iverksettes. Foreslalte avgifter vil ha konsekvenser for hvor mye klimavennlig mat som leveres på land, og for struktureringen av flåten, og vil ikke nødvendigvis føre til lavere utsipp totalt.
- Kompensasjonsordningen for CO₂-avgift i fiskeflåten må bevares.
- Alternativ teknologi må på plass før CO₂-avgiften endres.
- Fartøyene må få smartere design.



Pelagisk Forening og havvind

Fiskerinæringen er en etablert, tradisjonsrik, subsidiefri, lønnsom og bærekraftig næring som må forholde seg til naturlige svingninger. Næringen kan ikke flyttes til andre steder. Fiskeri må derfor prioriteres ved eventuelle interessekonflikter langs kysten og til havs.

Det er særlig to forhold som gjør at Pelagisk Forening er kritisk til utbygging av havvindanlegg. For det første har vi ikke tilstrekkelig kunnskap om hvilke konsekvenser utbygging av havvind vil ha for økosystemet. For det andre skaper den planlagte plasseringen av anleggene arealkonflikter.

Konsekvenser for økosystemet

Det har vært forsket lite på dette området, og det er stor usikkerhet om hvilken innvirkning havvindanleggene vil ha på fisken. Havforskningsinstituttet peker på en rekke områder der havvind kan skade hav og fisk, og anbefaler grundige undersøkelser ved havvindutbygging:

- Utbyggingen kan skade flora og fauna på havbunnen.
- Sprenging under utbyggingen skremmer fisken.
- Støyen fra vindturbinene kan stresse fisk og sjøpattedyr og forstyrre gytingen.
- Sårbare sjøfuglarter kan bli drept i stor skala. Når vindturbiner dreper fugl på land, gjør de det også til havs.
- Installasjonene kan fungere som kunstige rev som øker det biologiske mangfoldet – men de kan også tiltrekke seg fremmede og uønskede arter.

Arealkonflikt og sameksistens

Norge har mye hav og mye vind, noe som ofte blir brukt som et argument for å etablere havvindanlegg. Per i dag er det imidlertid begrensete områder som kan brukes til flere formål. Når vindparkene er på plass, er arealet beslaglagt.

Havvindanlegg plasseres på fiskebanker og grunner, og arealet blir da båndlagt både som produksjonsarealer og sikkerhetssoner. Dette er arealer som fiskerinæringen tok i bruk for århunder siden, og det er urimelig at fiskeriene, som ikke kan flytte andre steder, fortenges. For å sikre god sameksistens ønsker Pelagisk Forening at fiskerinæringen blir tatt med fra starten av i planleggingen av kyst- og havarealene.

Pelagisk Forening foreslår følgende tiltak:

- Føre-var-prinsippet må gjelde.
- Konsekvensene for den marine biologien må kartlegges.
- Grundig arealplanlegging må gjennomføres.
- Fiskerinæringen må få gitt sine innspill tidsnok.
- Fiskeriet må prioriteres ved eventuelle interessekonflikter langs kysten og til havs.

Når ein skal lære å gå, er det viktig at ein tek dei første stega rett

I takk-for-maten-talen på årsmøtemiddagen i 2012 sa sildelagsdirektør Johannes Nakken at Pelagisk Forening til fulle hadde vist at dei hadde gjort nettopp det. I 2012 var Pelagisk Forening ein nystarta organisasjon, og mange spådde nok foreininga ei kort levetid. No har åra gått, og foreininga har festa seg i faglagslandskapet som ein viktig premissleverandør og som talerøyr for fiskarane.

Som mannskap på eitt av medlemsfartøya er eg audmjuk overfor all den tiltrua eg har fått frå administrasjonen og styret i foreininga. Frå første dag har eg opplevd å bli teken på alvor, og innspel blir følgde opp med imponerande tyngde og iver. Og nettopp det å ta fiskarane på alvor føler eg må vere den overordna rettesnora for foreininga i alle samanhengar. Som fiskar med støvlane på er eg særstakknemleg for at foreininga finst, og eg vonar vi kan få følgje og bidra til Pelagisk Forening si utvikling i mange år framover.

Gratulerer med dei første ti effektive åra, Pelagisk Forening!

HELSING

Arve Myklebust

ORDFØRAR FOR REPRESENTANTSKAPET



Kristian Sandtøy
STYRELEDER

Mob.: 952 20 041
kristian@havdrone.no



Mariann Frantsen
DAGLIG LEDER

Mob.: 470 33 100
mariann@pelagisk.net



Ask Økland
ADVOKAT

Mob.: 468 43 164
ask@pelagisk.net



Lena Brungot
SENIORRÅDGIVER

Mob.: 414 79 266
lena@pelagisk.net



Pelagisk Forening
Slottsgaten 3, 5003 Bergen

post@pelagisk.net
pelagisk.net